

Høyringsvar til «Forslag til ny forskrift med miljøkrav til drosjenæringa i Hordaland».

Norges Taxiforbund avd Hordaland har desse kommentarane og synspunkta til det nye forskriftframlegget:

- NT avd Hordaland er i utgangspunktet særst positive til nye tiltak som lettar miljøavtrykket og dei økonomiske rammene for drosjeløyvehavarar i Hordaland. Me vil halda fram med å anskaffa siste tilgjengelege teknologi, som er tenleg for bransjen.
- Turvogner, handicap og selskapsvognløyver er ikkje omfatta av forskrifta. Det må sikrast at drosje ikkje får dårlegare konkurransevilkår enn konvensjonelle køyretøy i konkurranse om offentlege avtalar. Me tenkjer med det om responstid, forventa oppetid og at nødvendige ladeavbrot er hinder som gjer at konvensjonelle bilar har eit fortrinn i framtidige anbodsutkast der alle løyvekategoriar er aktuelle tilbydarar.
- Ladestruktur må på plass rundt alle knutepunkt som nevnt i framlegget. HelseBergen må også oppmodast om å etablere slike ved alle sine sjukehus som har brukarar frå heile fylket.
- Tekniske spesifikasjonar på ladeutstyr må vera slik at det kan levera beste ladehastigheit til alle aktuelle bilmerker.
- Det er inntil vidare ikkje brukande null-alternativ for transport av rullestol i personbil. Det må vera tenlege alternativ på marknaden før dette vert eit krav.
- Utkantane av fylket har lang køyring til sjukehus. Dersom forskrifta medfører at sentralar i utkantane må ha fleire køyretøy for å få dagane til å gå opp, må ein vurderer om det er litt tidleg å påleggja dette. Vogge-til-grav-rekneskap for utslepp for heile sentraleininga må leggjast til grunn, då lokale utslepp i distrikta utgjer marginale belastningar for miljøet.
- Det må vurderast i forskrifta at bilar frå distriktet på pasienttransport, har batterireserve til å halda forsvarleg varme over fleire timar ved uføresette trafikkhendingar. Passasjerane er som regel eldre/uføre.
- Bransjen ynskjer ladepunkt der drosjar er prioritert, for å sikra effektivitet og minst mogleg ståtid gjennom dagen.
- Det er ein sjølvfølge med overgangsordningar for å køyra ut dagens materiell på ein tilfredsstillande og føreseieleg måte. For kostbare rullestolbilar må ein pårekna 5-6 år brukstid no etter at refusjonen fall bort.
- Fylket må syta for etablering av hurtigladestasjonar, også i kommunar eller befolka stader der dette kan vera bedriftsøkonomisk ulønsamt.
- Støpnadsordningar for etablering av heimelading med bra ytelse er på ynskjelista.
- Ut i frå høyringsbrevet vert det uttalt at ny YTL kan opna for at løyvehavar bør ha fleire bilar tilgjengeleg, tilpassa etterspurnaden gjennom døgeret. Dersom denne reformen totalt medfører fleire registrerte køyretøy er dette ikkje berekraftig på verken kort eller lang sikt, då hovedavtrykket på klima skjer ved produksjon. Dette skal også finansierast ved at kunden betalar for oppdraga.
- Meldeplikt og sanksjonar for brot miljøvilkåra bør haldast på eit særst edrueleg nivå, så lenge flyreiser innanlands, charterturar og import av raudt kjøt frå Bolivia framleis er lovleg.

Med helsing

Hallgeir Torpe

Sekretær

Tor Anders Hauge

Leiar NT avd Hordaland